

BEREKRAFTSRAPPORT 2024



INNHALD

1 Forord – Med stø kurs mot grøne mål

2 Våre viktigaste bidrag til FNs berekraftsmål

- 2.1 SKL sine berekraftsmål
- 2.2 Rein energi til alle
- 2.3 Livet på land
- 2.4 Stoppa klimaendringane
- 2.5 Ansvarleg forbruk og produksjon

3. Rein energi til alle - Fornybar kraftproduksjon

- 3.1 Eksisterande kraftverk
- 3.2 Pågåande prosjekt
- 3.3 Under bygging
- 3.4 Ferdigstilt
- 3.5 Andre kraftprosjekt

4. Livet på land

– Omsyn til økosystem og naturmangfald

- 4.1 Prinsippa våre, oppfølging og overvaking
- 4.2 Gjennomførte miljøtiltak
- 4.3 Vassplanarbeid
- 4.4 Kunnskapsbygging og samarbeid
- 4.5 Forbetringar og uynskte hendingar

5. Stoppa klimaendringane og ansvarleg forbruk og produksjon

- 5.1 Klimarekneskap
- 5.2 Gjennomførte berekraftstiltak

6. Ansvarleg arbeidsliv

- 6.1 Mål og handlingsplanar for HMS
- 6.2 Arbeidsmiljø
- 6.3 Levereglar – etiske retningslinjer
- 6.4 Tryggleik for omgivnadane

7. Verdiskaping – Økonomisk samfunnsbidrag

- 7.1 Verdioverføring til kommunar- skattar og avgifter
- 7.2 Skattar og avgifter til staten
- 7.3 Kompensasjon og vederlag til private
- 7.4 Utbyte til eigarar
- 7.5 Investeringar

Forsidefoto: Siltgardin og oljelense i utløpskanalen, er eit avbøtande tiltak ved Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune.



FORORD



1. Forord

2. Berekræftsmål

3. Rein energi til alle

4. Livet på land

5. Stoppa klimaendringane

6. Ansvarleg arbeidsliv

7. Verdiskaping

MED STØ KURS MOT GRØNE MÅL

SKL si oppgåve er å utvikla fornybar energi. Det jobbar me aktivt med og 2024 var året SKL gjekk frå å vera ein reindyrka vasskraftprodusent, til òg å produsera vindkraft.

Den fornybare energien skal dra oss over i eit naudsynt, grønt skifte, i tråd med FN sine berekraftsmål. I Noreg er me tilgodesett verdifulle ressursar både knytt til vatn og vind. Det er eit stort fortrinn når klimarisikoen er overhengande, og verdssamfunnet står framfor eit stadig meir akutt behov for å skifta over til fornybar energi.

2024 har ikkje blitt slik ein kunne forventa når det gjeld ny fornybar energi. Skal Noreg nå klimamåla me har forplikta oss til, treng me minst å opna produksjon av 3 nye terrawattimar (TWh) per år. Trass dette er det krevande å modna fram utviklingsprosjekt og få aksept for bygging av ny vass- og vindkraft. Det er eit paradoks at i ei tid der me treng meir fornybar energi blei det kun sett i drift 0,4 nye TWh i løpet av 2024. Det er 10 år sidan det sist blei sette i drift så lite ny fornybar energi i Noreg.

Noreg har som energinasjon tent godt dei seinaste åra, og landet har ein unik moglegheit til å ta ei leiande rolle i det som må bli framtida: mindre utslepp og meir fornybar energi. Men nasjonalt, og ikkje minst internasjonalt blir det stadig sådd tvil om det grøne skiftet lar seg gjennomføra, og mykje av samfunnsdebatten handlar om risikoar og kostnadar, og mindre om moglegheiter. I SKL har me framleis trua på at avgjerande måtar å møte klimakrisa på i den tida me er inne i, er meir fornybar kraftproduksjon, betre utnytting av den straumen me har, og bygging av meir nett.

Debatten kring straumpris er eit godt døme på kor vanskeleg energipolitikken er. Noreg har i dag ei svært god ordning for å skjerma den private hushaldingsøkonomien gjennom straumstøtta. Det er føreslått å innføra ein fastpris på straum på 50 øre inkl. mva.

Korleis denne Norgespris-ordninga blir innretta er ikkje klart. Det som er ei kjennsgjering, er at det betyr noko for

straumsituasjonen at forbrukarane har gode insentiv for å spara straum, og nytta den straumen me har fornuftig. Det vil òg tene miljøet best.

Det er ei kompleks oppgåve å henta ut energi frå naturen med lågast mogleg fotavtrykk. Å utvikla fornybar energi er eit langsiktig arbeid og me er bevisste på det fotavtrykket me etterlet oss. I 2024 styrka me berekraftslaget og tilsette ytterlegare ressursar. Frå neste år skal me rapportera dette arbeidet i tråd med EU sin standard for frivillig berekraftsrapportering. Det som ikkje endrar seg til neste år, er at me arbeider kontinuerleg og hardt for å utvikla ny fornybar energi samtidig som me jobbar for å halda fotavtrykket så lågt som mogleg.

God lesnad!



2. VÅRE VIKTIGASTE BIDRAG TIL FN SINE BEREKRAFTSMÅL

Klimaendringane er ein trussel for oss menneske og planeten si helse. Difor blei Parisavtalen vedtatt i 2015 med mål om at verda skal bli klimanøytral. Eit viktig grep for å nå målet er å gjera energibruken fossilfri. På FN sitt klimatoppmøte i november 2024 slutta nær 200 land opp om eit globalt mål for finansiering av klimatiltak i utviklingsland. Også naturmangfald er ein viktig føresetnad for livet på jorda. Natur er ein avgrensa ressurs, og for å sikra berekraftig bruk av naturen blei Naturavtalen inngått i 2022.

Klimakrisa og behovet for fornybar energi fører med seg eit dilemma: Produksjon av fornybar energi er naudsynt for å redusera utslepp, men det gir naturinngrep som påverkar naturmangfaldet. Dette omtalar me grundigare i kapittel 4.

SKL tar tydelege steg mot ei berekraftig og fornybar framtid ved å tilby rein energi som best mogleg tar omsyn til naturen og naturmangfaldet. Vidare skal me redusera egne utslepp og jobba målretta saman med våre leverandørar for å redusera klima- og miljøavtrykk.




Håfoss Kraftverk i Etne kommune.



NYE STANDARDAR FRÅ EU

SKL var i full gang med å førebu rapportering for neste rekneskapsår i samsvar med EU sitt berekraftsdirektiv (CSRD) da EU la fram forslag om å forenkla berekraftsrapporteringa (Omnibus-pakka). Det gjer at me ikkje blir omfatta av CSRD-rapportering. Med bakgrunn i dei foreslåtte endringane kjem me truleg til å følgja EU sin standard for frivillig berekraftsrapportering (VSME) i rapporten neste år. Det inneber meir detaljerte skildringar av våre aktivitetar. For å kvalitetssikra berekraftsarbeidet og -rapporteringa er me i gang med fleire prosessar som gir oss eit meir fullstendig bilete av vår påverknad på miljø, sosiale forhold og styring av selskapet.

Saman med vår majoritetseigar Haugaland Kraft, skal SKL anskaffa teknologibasert system for berekraftsrapportering i løpet av 2025. Framover skal me samla inn større mengder data og må sikra påliteleg og samanliknbar informasjon. Teknologidreven rapportering sikrar høgare kvalitet på informasjonen og reduserer menneskelege feil. Eit godt døme er klimarekneskap (scope 1-3) og rapportering etter Openheitslova kor verksemder må henta inn informasjon frå leverandørkjeda.



Turbinen ved Tverrelva kraftverk i Kvinnherad kommune, under ein vedlikehaldsjobb.



SKL SINE BEREKRAFTSMÅL

SKL skal medverka til ei berekraftig verd.

FN sine 17 berekraftsmål er den felles arbeidsplanen verdssamfunnet har for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap, stoppa reduksjonen av biologisk mangfald, restaurera påverka natur, og stoppa klimaendringane innan 2030.

SKL sitt hovudbidrag er knytt opp mot fire av måla:



REIN ENERGI TIL ALLE

Sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til overkommeleg pris.

Våre mål:

SKL utviklar og driftar vass- og vindkraftverk og produserer miljøvenleg energi.

Me skal:

- Auka produksjon av fornybar energi i eigne anlegg til 4 TWh, innan 2030

Me deltar i utvikling og drift av andre fornybare energikjelder og -berarar.

Innan 2030 skal me:

- Auka effekten i eigne anlegg
- Delta i utvikling av havvind
- Vindkraftprosjekt på land, i kommunar som er positive til det



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2024 i kapittel 5.2 →



LIVET PÅ LAND

Beskytta, retta opp og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa mot ørkenspreiing, stansa og reversera landdøydleggingar, og stansa tap av artsmangfald.

Våre mål:

SKL tar omsyn til økosystem og naturmangfald i planlegging, bygging og drift av anlegga våre.

- Me skal ivareta stadeigne naturtypar og artsmangfald
- Me skal ivareta to-vegs fiskevandring, der det er aktuelt
- Tippmassar skal i størst mogleg grad brukast om att
- Me skal vurdera tiltak, overvaking og avbøtande løysingar
- Me skal førebygga utslepp til luft, vatn og jord

Me skal utøva ein ansvarleg og berekraftig arealbruk. Me skal:

- Minimera bruk av areal
- Velja teknisk utstyr og løysingar som krev mindre areal
- Utøva god terrengutforming og unngå fragmentering
- Vurdera kompensasjon av brukt areal
- Minimera lyd-, lys- og anna forureining

Me skal medverka til kunnskapsbygging og samarbeid. Me deltar i:

- Vassplanarbeid
- Fagrådet for Etnevassdraget
- Rådgivande utval Folgefonna Nasjonalpark
- Fagutval i HydroCen
- Fagfora i regi av Fornybar Norge



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2024 i kapittel 5.2 →



ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON

Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.

Våre mål:

SKL skal sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

- Rapportera på berekraft
 - Utarbeida klimarekneskap
 - Rapportera til finansinstitusjonar
- Me skal minimera og sortera avfall, og utarbeida avfallsrekneskap, i drift og prosjekt
- Auka kompetanse og engasjement internt
- Årleg informera og snakka målretta om fornybar energi og SKL sitt berekraftsarbeid i lokalsamfunna i Stord, Kvinnherad og Etne kommune.



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2024 i kapittel 5.2 →



STOPPA KLIMAENDRINGANE

Handla omgåande for å kjempa mot klimaendringane og konsekvensane av dei.

Våre mål:

SKL skal redusera utslepp i all vår aktivitet. Innan 2030 skal me:

- Scope 1: redusera utslepp frå naturgass samt drivstoff til bilar og maskinar med 55%
- Scope 2: redusera utslepp frå energi med 55%
- Scope 3: greia ut potensialet for å redusera klimagassutslepp i eit levetidsperspektiv, i alle prosjekt

Me skal kjøpa klimakvotar og opphavsgarantiar for gjenverande utslepp scope 1 og 2

Me bidrar til å redusera skadeomfang ved flaum

SKL set beredskap, overvakar vassdraga, informerer kommunar mfl. og set i verk flaumførebyggjande tiltak.



Sjå kva tiltak me har gjennomført i 2024 i kapittel 5.2 →



7 REIN ENERGI
TIL ALLE



3. REIN ENERGI TIL ALLE – FORNYBAR KRAFTPRODUKSJON

SKL produserer rein, fornybar elektrisitet som er ein del av klimaløysinga. I SKL arbeider me kontinuerleg med å auka kraftproduksjonen, og er dermed med på å redusera utslepp av klimagassar i Noreg og Nord-Europa. Me legg vekt både på å auka energimengda (GWh/år) og storleiken på maskinparken (MW).

Dette legg føringar for korleis me tenker kring kraftutbygging og oppgradering av eksisterande anlegg.



Utskifting av ei dyse på turbinen i Tverrelva kraftverk i Kvinnherad kommune.



1. Forord

2. Berekraftsmål

3. Rein energi til alle

4. Livet på land

5. Stoppa klimaendringane

6. Ansvarleg arbeidsliv

7. Verdiskaping

EKSISTERANDE KRAFTVERK


Det er viktig at kraftanlegga våre er i god stand og klare til å produsere når forbrukarane treng straum. Det kallar me for oppetid.

Kraftverka me har driftsansvar for hadde høg oppetid i året som gjekk. Det vil seia 99,57 % for dei største kraftverka, og 99,13 % for dei mindre kraftverka.

Kraftanlegg	TWh/år	Antall kraftverk
Blådalsvassdraget	1,5	6
Litledalsvassdraget	0,2	3
Andre (Eikelandsosen, Rødne, m.fl)	0,2	6
Småkraft	0,2 *	24
Sima og Ulla-Førre	0,4 *	
Saudefaldene	0,3 *	
Midtfjellet Vindkraft	0,4 *	
SUM	3,2	39

* SKL sin andel av produksjonen. SKL eig 8,75% i Sima, 2,54 % i Ulla- Førre, 15 % i Saudefaldene, og 95% i Midtfjellet Vindkraft

Produksjonsauke siste 20 år - TWh



PÅGÅANDE PROSJEKT

Under bygging i 2024


 Rullestad/Skromme
Etne kommune

 Hardeland kraftverk
Etne kommune

 Litledalen kraftverk
Etne kommune

Ferdigstilt prosjekt i 2024

 Løkjelsvatn kraftverk
Etne kommune



UNDER BYGGING

Rullestad/Skromme i Etne kommune

Saman med Småkraft AS byggjer SKL dei tre kraftverka: Bordalen, Kvernhuselva og Skromme.

Anleggsstart var i 2024 og kraftverka er forventa ferdigstilt i 2026. Totalt er prosjektet på 88 GWh/år. SKL og Småkraft eig 50% kvar.

44 GWh per år

Hardeland kraftverk i Etne kommune

Hardeland kraftverk er eit oppgraderingsprosjekt i samband med utbygginga av Løkjelsvatn kraftverk. Kraftverket er gammalt og både bygningsmasse og dei tekniske installasjonane har store rehabiliteringsbehov. Kraftverket skal erstattast med eit nytt og moderne kraftverk som utnyttar same fallstrekning. Anleggsstart var i 2023 og det er forventa ferdigstilt hausten 2025.

50 GWh per år

Litledalen kraftverk i Etne kommune

Litledalen kraftverk er eit oppgraderingsprosjekt i samband med utbygginga av Løkjelsvatn kraftverk. Kraftverket er gammalt og både bygningsmasse og dei tekniske installasjonane har store rehabiliteringsbehov. Kraftverket skal erstattast med eit nytt og moderne kraftverk som utnyttar same fallstrekning. Anleggsstart var i 2023 og det er forventa ferdigstilt hausten 2025.

27 GWh per år

FERDIGSTILT

Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune

Løkjelsvatn kraftverk er eit heilt nytt kraftverk som nyttar delar av vatnet som tidlegare blei produsert i Hardeland og Litledalen kraftverk. Kraftverket blei ferdigstilt og sett i drift hausten 2024. Det nye kraftverket nyttar vatnet på ein betre måte enn tidlegare og har auka effekten i vassdraget frå 32 MW til 60 MW, og auka energiproduksjonen i vassdraget med 20 GWh per år. Totalt skal det nye kraftverket produsera 163 GWh per år.

163 GWh per år

Kraftverka Hardeland, Litledalen og Løkjelsvatn kraftverk må sjåast i samanheng. Dei tre kraftverka produserer 240 GWh/år etter ferdigstilling. Dette er ei auke med 20 GWh/år.



ANDRE KRAFTPROSJEKT

Vasskraft

Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune er eit småkraftverk som skal byggast ut i samarbeid med grunneigarane og kommunen. Målsettinga er å starta bygginga av kraftverket i 2025. Forventa produksjon er 18 GWh/år.

SKL arbeider òg med å realisera Tøsse Kraftverk i Etne Kommune, forventa produksjon er 14 GWh/år.

SKL har konsesjon på å overføra meir vatn til Blåfalli III kraftverk i Kvinnherad kommune. Prosjektet består av to bekkeinntak som hentar vatn inn på eksisterande vasstunnel mellom Blådalsvatn og kraftstasjonen. Blåfalli III kraftverk må stansast i ein periode for å gjennomføra prosjektet, sidan vasstunnelen til kraftverket må tømmast. Anleggsstart må derfor tilpassast dette. Forventa produksjonsauke er 5 GWh/år.

Blåfalli Fjellhaugen kraftverk er eit stort kraftverk på 185 MW som SKL har jobba med over lang tid.

Skiftande rammevilkår har gjort det usikkert å ta store og langsiktige investeringar. Kraftverket er eit såkalla «effektkraftverk», som inneber at det kan produsera mykje kraft på kort tid. Slike kraftverk blir stadig viktigare i kraftsystemet for å balansera den auka produksjonen frå sol og vind. Blåfalli Fjellhaugen kraftverk forbetrar også produksjonen i eksisterande kraftverk i Blåfalli-anlegga, og samla auke i energiproduksjonen er rekna til 70 GWh per år. I desember 2024 innstilte Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) positivt på at SKL skal få konsesjon på prosjektet, og me håpar Energidepartementet gir oss endeleg konsesjon før sommaren 2025.

Havvind

SKL eig 15,11 % i Deep Wind Offshore (DWO), eit selskap som arbeider med å realisera kraft frå havvind, nasjonalt og internasjonalt. Andre eigarar i selskapet er Haugaland Kraft, Knudsen OAS, Octopus og gründarar.

Grønt hydrogen

SKL eig 45 % av Hydrogen Solutions (HYDS) som produserer grønt hydrogen. Selskapet eig, bygger og driftar anlegg. HYDS har to anlegg i drift. I 2023 starta dei å produsera ved sitt første anlegg på Stord, med ein kapasitet på 140 tonn grønt hydrogen i året. Tidleg i 2024 blei deira andre anlegg, Kaupanes Hydrogen i Eigersund, opna. Saman med partnerar fekk HYDS ENOVA-støtte på 386 mill. kroner i 2024 til å realisera to prosjekt: ei utviding i Kaupanes og etablering av eit nytt anlegg i Florø.

Vind på land

I 2024 kjøpte SKL 95% av Midtfjellet Vindkraft i Fitjar kommune der produksjonsandelen utgjer om lag 400 GWh/år. SKL har òg starta dialog med grunneigarar ved Døldarheia i Vindafjord kommune om å setta i gang prosessen med å utgreia eit vindkraftanlegg.





4. LIVET PÅ LAND – OMSYN TIL ØKOSYSTEM OG NATURMANGFALD

I SKL utviklar og driftar me vass- og vindkraftverk. Me produserer miljøvenleg energi. Hausten 2024 markerte overgangen for SKL frå å ha vore ein rein vasskraftprodusent, til òg å produsera vindkraft gjennom eigarskap i Midtfjellet Vindkraft.

Drift av vasskraftverka har låge utslepp av klimagassar, men påverkar økosystemet i vassdraga og landskapsbiletet lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand. Vindkraft beslaglegg areal og volum. Eit omfattande vegnett og høge mastar og rotorar endrar landskapsbiletet. Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka.

I eit livsløpsperspektiv blir samfunnsnytta av tilført rein og fornybar energi (kWh) stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein temporær og kortvarig anleggsfase. Mest synleg er naturinngrepa.



SKL kjøpte vindkraftanlegget Midtfjellet i Fitjar kommune i 2024.



PRINSIPPA VÅRE, OPPFØLGING OG OVERVAKING

All aktivitet påverkar omgivnadane og miljøet kring oss, også energiproduksjon. Utbygging av vass- og vindkraft fører med seg inngrep i naturen. Av den grunn har det vore, og vil det vera, diskusjonar og ulike meiningar knytt til utbygging.

Vassdragsregulering endrar dei fysiske tilhøva og livsgrunnlaget for fisk og andre vasslevande organismar. Samtidig kan reguleringa i nokre høve skapa miljø som er gunstigare for dyrelivet, ved å dempa dei negative og forsterka dei positive faktorane.

I SKL er me opptatte av at utbyggingsløysingar og miljøinngrep skal utøvast så skånsamt som råd. Me har tru på kunnskapsbasert forvaltning og jobbar med å etablera avbøtande løysingar.

SKL sine anlegg skal driftast utan miljøavvik. Det vil seia at gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder, med meir, skal bli overhalde til ei kvar tid. Kraftverka blir drifta og overvaka frå driftssentralen på Stord. Sentralen er døgnbemanna og syt for at vilkåra i konsesjonane blir følgt. Eventuelle avvik blir følgt opp.

Selskapet har eige internkontrollsystem for vassdrag og vindpark.

Ei fiskesperre blir sett på plass ved utløpstunnelen til Løkjelsvatn kraftverk for å hindra fisken i å vandra innover i tunnelen.




GJENNOMFØRTE MILJØTILTAK

SKL gjennomfører miljøtiltak i samsvar med vilkår og krav i konsesjonane våre.

Særleg merksemd blei retta mot følgande prosjekt i 2024:

-  Etnevasstraget
-  Blådalsvasstraget
-  Fjæraelva
-  Dam Stemmetjørn



ETNEVASSDRAGET

I 2018 fekk SKL konsesjon for å oppgradera og utvida anlegga, og me starta bygginga av Løkjelsvatn kraftverk. Etnevassdraget er eit verna vassdrag (1993) og eit nasjonalt laksevassdrag (2003). Her finn ein atlantisk laks, sjøaure, ål og ein liten restpopulasjon av elvemusling. Det kviler eit spesielt ansvar på oss ved utbyggingsprosjekt i denne typen vassdrag.

Kravet til minstevassføring er auka for å ivareta naturverdiane. Ny stasjon for å måla vassføring blei etablert i 2022, ved utløpet av Litledalsvatnet ved Kaldheim. Stasjonen skal følgast opp med nye kontrollmålingar. Sørrelva er såleis eit døme der reguleringa og minstevassføringa sikrar elva kritisk vassføring som tilsvarar tre gongar den alminnelege lågvassføringa, samanlikna med om elva hadde vore uregulert.

Lakseførande strekning ligg nedstraums kraftverka. Kraftproduksjonen fråfører ikkje vatn frå den delen av elva der det er laks. Det gjer det enklare å få til eit betre samspel mellom laksen og kraftproduksjonen.

Vatnet blir ført i vass tunnel i fjell frå inntaket i Løkjelsvatnet til utløpet i Litledalsvatnet. Arbeidet inneber om lag seks kilometer med tunneldrift og har vore teknisk krevande. Sjølve tunneldrifta blei avslutta hausten 2021, og reinseanlegga for handtering av tunnelvatn blei rigga ned i februar 2022.

Fleire tiltak er etablert for å førebygga uynskt avrenning og utslepp. Avleiingsgrøfter er etablert oppstraums tippareala, og filtergrøft tilrettelagt nedstraums. Ei 175 meter lang oljelense har vore permanent rigga i samband med tunneldrifta, strategisk plassert nedstraums tipp og eksisterande utløpskanal.

Før anleggsarbeidet tok til etablerte SKL ni individuelle stasjonar i vassdraget for prøvetaking av vasskvalitet. Slik blei det sikra eit godt referansemateriale. Prøvane blir analysert for eit breitt spekter av parameterar: pH, turbiditet, suspendert stoff, leiingsevne, tungmetall, olje og nitrat. Analysen blir gjort av Alex Stewart International Norge AS (avdeling Odda). Dette arbeidet er følgt opp årleg. Som ei ekstra forsikring blei det etablert ein

Utstyr for prøvetaking av vasskvalitet.



multisensor (Eureka Manta 25) om lag 1,5 kilometer nedstraums Litledalsvatnet, på lakseførande strekning (Cautus Geo AS). Multisensoren loggar temperatur, pH, turbiditet og leiingsevne i sanntid. Den er sett opp i ei web-løysing, og kopla til e-post alarm. Løysinga har vore i permanent drift sidan våren 2019. Tidsseriar med innsamla data av nemnde parameterar har ein augeblikksverdi, men vil òg koma anna forvaltning og forskning til nytte. I samband med rehabilitering av inntaket i Løkjelsvatn blei innsjøen gradvis tappa ned til like under lågaste regulerte vasstand (LRV) somrane 2022 og 2023. Dette arbeidet var naudsynt for sikker tilkomst til inntaket. Tilstanden og rekrutteringa





Tilløpstunnelen og delar av utløpstunnelen i Løkjelsvatn kraftverk i Etne blei spylereinska og slamsugd før dei blei fylt med vatn.

ETNEVASSDRAGET (FORTS.)

til aurebestanden i Løkjelsvatnet er fagleg følgt opp ved hjelp av garnfiske i vatnet (15 stk. fleiromfars botngarn) og elektrofiske i fem utvalde gytebekkar. Prøvefiske blei utført av Rådgivende Biologer AS i september 2023 og fagrapport mottatt i 2024. Rapporten omfattar fangstdata frå liknande prøvefiske utført i Hardelandsvatn i same periode. Analysar av vasskvalitet og dyreplankton inngår i rapporten.

Løkjelsvatn kraftverk og tilhøyrande tunellar er etablert i fjell og er lite synlege. Tippen i Litledalen blei tilbakeført som landbruksareal for grasproduksjon i 2023.

Tippen ved Hardeland skal revegeterast naturleg. Deponiet er langt på veg forma og tilrettelagt i terrenget. For å sikra overflatejorda mot vind- og vasserosjon nyttar ein ei såfrøblanding av karrige norske artar (raudsvingel, sauesvingel og engkvein). Arealinngrepa knytt til etablering av boresjakt ved inntaket er tilbakeført, området er ferdig utforma og langt på veg revegetert.

I juni 2024 blei Løkjelsvatn kraftverk klargjort, våttesta og sett i prøvedrift. Nedstraums utløpet blei det etablert ei oljelense og ei 150 meter lang og 5 meter djup siltgardin. Siltgardina hindra spreieing av finstoff til Litledalsvatnet.

Vasskvaliteten i vassdraget blei følgt opp med prøvetaking. Tilløpstunnelen og delar av utløpstunnelen blei spylereinska og slamsugd (NORVA 24) i forkant av vassfyllinga.

Litledalen og Hardeland kraftverk skal erstattast av nye kraftverk. Arbeid med bygging av nye kraftverk gjekk føre seg i heile 2024 og held fram i 2025.

Rådgivende Biologer AS utførte habitatkartlegging og ungfiskundersøkingar av Litledalsbekken i oktober 2024. Rapport er venta våren 2025.



BLÅDALSVASSDRAGET

SKL har sendt konsesjonssøknad til NVE om bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. I samband med dette har me etablert vassføringsmåling i Blåelva, ved Grøningen. Det er oppretta 12 referansestasjonar for vassprøvetaking i Blådalsvassdraget. Første prøvetaking blei utført i november 2024.

FJÆRAELVA

Håfoss kraftverk blei sett i ordinær drift sommaren 2022. Kraftverket ligg ved foten av Håfoss, i Fjæraelva i Etne kommune. Fjæraelva husar laks og sjøaure. Elva blei habitatkartlagt i 2020, frå sjø til Håfoss, særleg med omsyn til gyte- og oppvekstområde for fisk (Rådgivende Biologer AS, rapport mottatt juni 2021).



Midtbotnvatnet i Blådalsvassdraget.

Eit av føremåla er å undersøka om eksisterande vandringshinder kan forserast og om lakseførande strekning kan utvidast. Multiconsult Norge AS har utarbeidd ei teknisk løysing for fiskevandring (laks og sjøaure) opp og ned Kvernhusfossen. Dei har også vurdert avbøtande tiltak i å etablere gyte- og oppvekstområde nedstrøms fossen.

Fagrapport er sendt statsforvaltaren i Vestland for vidare dialog.

Utgreiinga er eit samarbeid mellom Mowi ASA avdeling Fjæra og Håfoss Kraftverk AS.



Dam Stemmetjørn i Stord kommune er ikkje lenger i bruk.

DAM STEMMETJØRN

Dam Stemmetjørn ligg i øvre del av Børtveitvassdraget i Stord kommune. Dammen blei etablert på 1940-talet og er ikkje lenger i bruk. Den må bli oppgradert eller rive. SKL ynskjer å riva den og tilbakeføra landskapet. Dammen blei miljøkartlagt av Multiconsult Norge AS hausten 2023. Selskapet Biota AS har kartlagt tiltaksområdet med omsyn til naturmangfald, landskap og friluftsliv, sommaren 2024. Endelege rapportar føreligg. Området kring dam og mogleg deponiareal er vurdert av geolog. Fagrapportar skal nyttast i samband med søknad om riving.



4.3

VASSPLANARBEID

SKL medverkar til ei kunnskapsbasert forvaltning som balanserer vasskraft, miljø og naturinngrep. Me følger arbeidet med vassplanane tett, og deltar på relevante arenaer. Gjeldande regionale planar for vassforvaltning gjeld for perioden 2022-2027. Planane er vedtatt av fylkestinga og godkjent av Klima- og miljødepartementet 31.10 2022.

Nye vasskraftkonsesjonar har såkalla standard naturforvaltingsvilkår. Dette er heimla i konsesjonane, som gir miljø- og vassdragsmyndigheitene høve til å pålegga tiltak ved behov. Det er ei prioritert oppgåve i forvaltingsplanane at slike vilkår skal innførast også for alle eldre kraftverk. Alle SKL sine kraftverk har nye konsesjonar med moderne standard naturforvaltingsvilkår.

Me har mål om å gjera tiltak som løftar den økologiske tilstanden, samtidig som den fornybare kraftproduksjonen blir ivaretatt. SKL set av tid og ressursar til å følgja opp prioriterte vassførekomstar me forvaltar. Arbeidet er dynamisk og vedvarande.

4.4

KUNNSKAPSBYGGING OG SAMARBEID

SKL deltar i ulike FoU-aktivitetar og fagfora med miljørelevans. Dette er motiverande og naudsynt arbeid, både med omsyn til fagleg kunnskapsbygging, utvikling og introduksjon av tidsriktige miljøløysingar, med meir.

I 2024 blei forskingssenteret HydroCen avslutta. Prosjektet er eit Forskingscenter for Miljøvennleg Energi (FME). Miljødesign har handla om å utgreia, utvikla og gjennomføra tiltak som betrar dei økologiske tilhøva i regulerte vassdrag, samtidig som ein tar omsyn til kraftproduksjonen.

SKL deltar i Fagrådet for Etnevassdraget. Dette er ein fagleg arena for samarbeid og forvaltning av vassdraget. SKL er representert i Rådgivande utval for Folgefonna nasjonalparkstyre. Forvaltingsplanen for Folgefonna nasjonalpark og kringliggande landskapsvernområde skal reviderast.

SKL er ein støttespelar til Norsk klimastiftelse.



FORBETRINGAR OG UYNSKTE HENDINGAR

SKL har eit stort spenn i tildelingsårstal på konsesjonar. Reguleringa av vassdraga er såleis etablert under ulike føresetnadar og miljøvilkår. Tiltak som etablering av tersklar, tilrettelegging av tippar og eksisterande vassføringar er døme på det. Selskapet har difor fokus på korleis ein kan nytta ny kunnskap og nye metodar til å finna gode løysingar.

Miljøtilsyn

NVE gjennomførte miljøtilsyn hos SKL i 2024. Tilsynet omfatta synfaring og oppfølging av dei nye kraftverka Hardeland kraftverk og Litledalen kraftverk, samt dam Hardeland, i byggefase. Innspel og løysingsforslag blei utveksla og drøfta.

Avvik i bygg- og anleggsfase

Selskapet har ikkje opplevd uynskte hendingar med påverknad av ytre miljø i 2024, knytt til utført anleggsarbeid.

Avvik i driftsfase

Varierende vêr og faktorar som snø og is, lauv, kvist og kvast som legg seg på inntak og minstevassføringsarrangement er utfordrande for stabil drift av anlegg. Trass aktivt arbeid over fleire år med å forbetra både anlegg og prosessar oppstår uynskte hendingar.

Alle hendingar med risiko for brot på konsesjonsvilkår blir registrerte i SKL sitt kvalitetssystem, og blir analysert for å klargjera årsak og eventuelle konsekvensar. I 2024 blei fire hendingar meldt vidare til NVE som er tilsynsmyndigheit.

Åkraelva kraftverk

Åkraelva kraftverk er eit småkraftverk i Åkra i Kvinnherad kommune. I juni blei det registrert tre timar med for lågt slepp av vassføring forbi inntaket. Kravet til vassføring er 50 l/s, medan lågaste registrert vassføring i desse timane var 48, 46 og 44 l/s.

Storelvi kraftverk

Storelvi kraftverk er eit småkraftverk med utløp i Sørfjorden i Ullensvang kommune. I august blei det registrert ein time med vasslepp på 129 l/s. Kravet er 130 l/s. Anlegget hadde ei tilsvarande hending i 2023, der det blei registrert ein time med vassføring på 129 l/s.

Bordalsbekken kraftverk

Bordalsbekken kraftverk er eit småkraftverk i Tysvær kommune. Her er kravet til minstevassføring forbi inntaket 50 l/s. I september blei det registrert ein time med vasslepp på 48 l/s.

Gjønaelva kraftverk

Gjønaelva kraftverk er eit småkraftverk i Bjørnafjorden kommune. Kravet til minstevassføring forbi inntaket er 22 l/s. I desember blei det registrert ein time med vasslepp på 21 l/s.

SKL si vurdering er at hendingane ikkje har hatt konsekvensar for ytre miljø.



13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



5. STOPPA KLIMAENDRINGANE OG ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON

Vasskraft fører til svært låge utslepp av klimagassar etter at kraftverket er bygd. Norsk institutt for bærekraftsforskning (Norsus) har berekna utslepp frå ei rekke norske vasskraftverk gjennom livsløpsanalysar. Livsløpsanalysar er totale utslepp i livssyklusen til eit produkt. Berekingane viser at utsleppet frå eit typisk norsk vasskraftverk er 3,3 g CO₂e per kWh. Dette gjer norsk vasskraft til ei av dei mest klimavennlege energikjeldene i verda.

Klimarekneskapen bygger på den internasjonale standarden for klimagassutslepp, GHG-Protokollen, og er delt inn i tre kategoriar for utslepp.



1. Forord

2. Berekraftsmål

3. Rein energi til alle

4. Livet på land

5. Stoppa klimaendringane

6. Ansvarleg arbeidsliv

7. Verdiskaping


KLIMAREKNESKAP

Tonn CO ₂ -ekvivalentar	2020	2021	2022	2023	2024
Scope 1:					
Direkte utslepp frå naturgass og drivstoff til bilar og maskinar	164	178	181	181	155
Scope 2:					
Indirekte utslepp frå energiforbruk	926	812	796	1281	1083
Totale utslepp scope 1 og 2	1 090	990	977	1462	1238
Kjøp klimavotar	164	178	181	305	155
Kjøp opphavsgarantiar	926	812	796	854	1083
Totale utslepp scope 1 og 2 etter kjøp av klimavotar og opphavsgarantiar	0	0	0	0	0
Scope 3:					
Andre indirekte utslepp:	1 987	3 752	4 633	1395	1667
Utslepp inkluderer alle andre indirekte klimagassutslepp frå aktivitetar i SKL si verdikjede, til dømes kjøp frå underleverandørar, avfall, kjøpte transporttenester, tilsette sine reiser til og frå jobb og forretningsreiser					

Scope 1: Reduksjon i klimaavtrykk frå 2023 til 2024 skuldast i all hovudsak reduksjon i forbruk av naturgass, som har eit høgt karbonavtrykk.

Scope 2: SKL har redusert straumforbruket med om lag 224 000 kWh, samanlikna med 2020. Dette gir ikkje full effekt på klimaavtrykk då omrekningsfaktoren for straum utan opphavsgaranti til dømes er auka frå 0,502 til 0,599 kg co₂/kWh frå 2023 - 2024, kjelde Klimahub.

Scope 3: Dei vesentlege skilnadane skuldast variasjon i aktivitet. Utsleppet i 2023 er korrigert då det var registrert alt for høg avfallsmengde på treverk, glass og metall.



KLIMAREKNESKAP

SKL sin kraftproduksjon tilsvarar følgande årleg sparing, samanlikna med straumproduksjon basert på gass:


År	TWh	Tonn CO ₂ e
2024	2,94	1 430 898
2023	2,57	1 250 819
2022	2,76	1 343 292
2021	2,66	1 294 622
2020	2,97	1 445 499

Midtbotndammen i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune er ein av SKL sine største.




GJENNOMFØRTE BEREKRAFTSTILTAK

7 REIN ENERGI
TIL ALLE




- Auka målsetting for vekst til 4 TWh
 - Vasskraft, små- og storkraft
 - Havvind
 - Vind på land i kommunar som er positive til utbygging
 - Andre

15 LIVET PÅ
LAND



Arbeid med prosjektportefølje og utbygging av nye kraftverk.


12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



Ferdigstilt:

- Løkjelsvatn kraftverk / 163 GWh


12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



Under bygging:

- Hardeland kraftverk 50 GWh/år
- Litledalen kraftverk 27 GWh/år
- Rullestad/Skromme 44 GWh/år

13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



SKL kjøpte Midtfjellet Vindkraft 400 GWh/år

7 REIN ENERGI
TIL ALLE



- Overvaking av Sørrelva med multisensor og vassprøvar

15 LIVET PÅ
LAND



- Spylevask og slamsuging av vasstunnelar i Løkjelsvatn kraftverk
- Etablering av oljelense og siltgardin ved våttesting av Løkjelsvatn kraftverk
- Etablering av fiskesperre i utløpstunnel Løkjelsvatn kraftverk

12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



- Habitatkartlegging og ungfiskundersøking av Litledalsbekken
- Avbøtande tiltak for å førebygga utslepp til luft, vatn og jord
- Overvaking av Blåelva med omsyn til vassføring og vasskvalitet

13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE




- Utgreiing av teknisk løysing for fiskevandring opp og ned Kvernhusfossen i Fjæraelva
- Naturfagleg kartlegging av dam Stemmetjørn, oppstraums Børtveitelva



GJENNOMFØRTE BEREKRAFTSTILTAK

7 REIN ENERGI
TIL ALLE



15 LIVET PÅ
LAND



12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE




- Det er utarbeidd berekraftsrapport
- Kartla eigne verktøy for å rapportera etter VSME, Åpenhetsloven og klimarekneskap.
- Me har klare forventingar til leverandørar rundt berekningar og ansvarleg forbruk av materiell som inngår i våre prosjekt
- Auka fokus på å kjøpa inn resirkulerte materiale som til dømes stål og armeringsjern
- Me stiller krav til kildesortering av avfall, det skal sorterast i åtte ulike avfallskategoriar
- Informert om fornybar energi og SKL sitt berekraftsarbeid til skuleelevar



GJENNOMFØRTE BEREKRAFTSTILTAK

7 REIN ENERGI
TIL ALLE



Revidert SKL sine berekraftsmål, utarbeidd spesifikke og målbare mål, i tillegg til handlingsplan, sjå kapittel 2.

Scope 1:

Naturgass som oppvarmingsalternativ ved adm. bygg er fasa ut. Naturgassløyisinga er framleis operativ, men som reserveforsyning i kalde periodar, der ein treng meir effekt. Me har sett i gang å kartlegga moglegheiter og utfordringar knytt til overgang til elektrisk bilpark. Målet er å utarbeida ein strategi for gradvis overgang til elbilar, for å redusera direkte klimagassutslepp. Me har fokus på å finna løysingar som passar for dei ulike bruksområda, også for personell med behov for å dra tung last, køyra lange avstandar og for beredskapsvakter, som har særskilde behov. For å sikra ein smidig overgang, skal me også kartlegga naudsynt lade-infrastruktur.

Scope 2:

- Varmepumper er montert ved adm.bygg
- Eldre vindu er bytta og ytterveggar isolert ved adm.bygg
- Kampanje er gjennomført der tilsette har sletta data/filer

Scope 3:

I samsvar med SKL sine berekraftsmål blir berekraft vurdert i prosjekteringsfase i alle prosjekt. Klimatiltak blir deretter identifisert og iverksett. SKL stiller spesifikke krav i førespurnadar i samsvar med SKL sine ambisjonar og mål. Det blir stilt krav om maksimal utsleppsfaktor for material, som skal dokumenterast med EPD'ar (Environmental Product Declaration) som i daglegtale betyr miljødeklarasjon for eit produkt, til dømes:

- Betong
- Armering
- Sprøytebetong
- Betongelement
- Stålkonstruksjonar
- Sikring av berg og lausmassar

I større prosjekt har SKL sett av 20 mill. kroner til berekraftstiltak der tilbydar kan dokumentera reduksjon i klimagassutslepp og/eller andre positive effektar på natur og miljø. Dersom tilbydar har pågåande pilotprosjekt med klimagassreduserande effektar, er SKL positiv til å medverka økonomisk til slike prosjekt. SKL ber også om opsjonar på kva delar av maskinparken som kan bli tilbydd utsleppsfri, og/eller med biodiesel.

12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



6. ANSVARLEG ARBEIDSLIV


Gode hovud er nøkkelen. Utan dei beste hovuda lukkast me ikkje med dei ambisiøse måla me har sett oss. Difor skal me jobba for at SKL er den verksemda talenta ynskjer å jobba i.

Vår målsetting er null skadar eller hendingar med potensiale for alvorleg personskade, og me har mål om under tre prosent sjukefråvær. Gjennom å systematisk vidareutvikla helse, miljø og sikkerheit (HMS)-kultur og -system skal SKL vera ein helsefremjande og sikker arbeidsplass for eigne tilsette, innleigd personell og omgivnadane. Det helsefremjande perspektivet er breiare enn risikoperspektivet. SKL rettar aktivt søkelyset mot dei positive faktorane i arbeidsmiljøet og ynskjer å leggja til rette for ein arbeidskvardag der den einskilde får ut sitt potensial, kjenner sterk motivasjon og utviklar seg. Me vil at det skal vera meningsfullt å jobba i SKL, og me ser at mange tilsette har lange og utviklande karrierar i selskapet.

Forbetringar og avvik

Me har tydelege forventningar til at alle tilsette registrerer forslag til forbetringar og rapporterer avvik og hendingar, og at desse blir systematisk følgt opp. For å avdekka underliggande årsaker blir alvorlege hendingar og ulukker alltid rotårsaksanalysert eller granska. Rapportar og læringsark blir utarbeidd og gjennomgått med alle tilsette, slik at me kan ta lærdom av hendingane og førebygga framtidige ulukker.





Personskeidar interne - med sjukefråvære H1

Mål: 0

2023

- Augeskade, stålspon på auga

2021

- Skade på fot grunna rask forflytting, frå vatn under høgtrykk

2020

- Klemskade fot ved stillasbygging.
- Allergisk reaksjon, sprang i skogen, vrikka foten.
- Ryggsmerter etter å ha arbeidd i tronge arbeidsforhold

Personskeidar interne - med og utan sjukefråvære H2

Mål: 0

2024

- Forstua, hoven ankel

2023

- Augeskade, stålspon på auga

2021

- Skade på fot grunna rask forflytting, frå vatn under høgtrykk

2020

- Klemskade fot ved stillasbygging.
- Allergisk reaksjon, sprang i skogen, vrikka foten.
- Ryggsmerter etter å ha arbeidd i tronge arbeidsforhold

HIPO - internt

Mål: 0

2024

- Bil påkøyrt
- Tilsette eksponert for gass

2023

- Arbeid i høgda utan sikring, underleverandør
- Arbeid i høgda utan sikring, underleverandør
- Arbeid i høgda utan sikring, underleverandør


2021

- Utsikta innkopling av effektbrytar

HIPO

Ulykker og nestenulykker (energi frigitt) som har ført til eller under ubetydeleg endra omstende kunne ført til alvorleg personskade eller død.





**Personskadar eksterne
- med sjukefråvære H1**

Mål: 0

**Personskadar eksterne
- med og utan sjukefråvære H2**

Mål: 0

- 2022
 - Klemskade
- 2021
 - Fall frå arbeidsplattform
 - Rusk på auge
 - Klemskade
- 2020
 - Klemt finger

HIPO - eksternt

Mål: 0

- 2024
 - Port blåst inn to gongar i lagertelt
 - Arbeid i høgda, stige plassert på plastkasse
- 2023
 - Kutt nær auga, verktøy glippa
 - Port bles inn i lagertelt
- 2022
 - Ved gravearbeid, kontakt høgspenkabel
- 2021
 - Klemskade
 - Utvasking av rørtrase

HIPO
Ulykker og nestenulykker (energi frigitt) som har ført til eller under ubetydeleg endra omstende kunne ført til alvorleg personskade eller død.

- 2020
 - Arbeid i høgda utan sikring
 - Snubla, i kabel, med påfølgande fall
 - Slangebrot borerigg
 - Fall frå 120 cm høgde
 - Tokomponent lim på auga
 - Ved sprengingsarbeid, tilsett måtte springa vekk frå bil



MÅL OG HANDLINGS- PLANAR FOR HMS

For HMS-området utarbeider me SMARTE (spesifikke, målbare, attraktive, realistiske, tidfesta og evaluerbare) mål med tilhørende handlingsplanar som blir følgt opp jamleg. Me definerer prioriterte tema og tilhørende handlingar for å sikra eit sterkare fokus på hovudutfordringane.

Seks viktige fokusområde i HMS-arbeidet i 2024 var:

- Styrande dokument – forstå og etterleva lovar/forskrifter/instruksar/prosedyrar
- Styrka og ta i bruk kompetanse
- Involverande og grundig planlegging av arbeid
- Risikovurdering/sikker jobb analyse (SJA)
- Fokus på verneutstyr
- Ved planendringar gjennomgå SHA/HMS plan og gjera evt. endringar



ARBEIDSMILJØ

For å få innsikt i korleis tilsette oppfattar jobben og kulturen, kartlegg me psykososialt arbeidsmiljø kvart andre år. Siste undersøking var i 2023. Resultata frå undersøkinga var gjennomgåande gode. For område med lågare score er det utarbeidd avdelingsvise tiltaksplanar. Ny medarbeidarundersøking skal gjennomførast hausten 2025. Selskapet sitt mål er å vera ein attraktiv arbeidsplass som er meningsfull og helsefremjande for dei tilsette å jobba i. Me skal ha eit arbeidsmiljø basert på kunnskap, lojalitet, tillit, og ein bedriftskultur som tiltrekker seg og vidareutviklar kompetente, tilfredse og motiverande medarbeidarar.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

SKL arbeider for eit inkluderande arbeidsliv. Dette inneber tiltak for å førebygga sjukefråvær og leggja til rette for at tilsette kan koma raskt tilbake i arbeid der det føreligg fråvær.

Samarbeid mellom leiinga og dei tilsette

Samarbeidet mellom leiinga og dei tilsette sine organisasjonar fungerer godt, og gir verdifulle bidrag til å utvikla selskapet på ein konstruktiv måte. Eit ansvarleg arbeidsliv stoppar ikkje med SKL sine eigne tilsette. SKL er opptatt av å halda ein høg etisk standard i all forretningsdrift.

Kjønnsfordeling og mangfald

SKL drøftar og skal setja mål for eit arbeidsmiljø der menneske med ulik bakgrunn, kulturell forståing og funksjonsvariasjon kan bidra til innovasjon, vekst og verdiskaping. Mangfaldet handlar om å møta forskjellar med openheit, respekt og inkludering. Selskapet hadde nedgang i kvinnelege medarbeidarar i 2024, 19 % mot 20% i 2023. Likevel har trenden totalt vore ei auke dei siste fem åra, frå 14% i 2020.


Andel kvinner i leiande stillingar er 20%.

Arbeid med å oppnå ein jamnare fordeling av kvinner og menn blir vidareført gjennom målretta rekruttering. Selskapet har ikkje deltidstilsette.

Berørte lokalsamfunn og interessentar

SKL har dialog med interessentar for å forstå og få innspel til korleis SKL påverkar dei, og korleis dei påverkar SKL. Me ynskjer å fanga opp kva forventningar og haldningar dei har til SKL si verdiskaping, engasjementet for og innverknaden dei har på selskapet. Ved å visa respekt for interessentar og ta ansvar, er målet å kontinuerleg bygga eit godt omdømme, både internt og i samfunnet elles. Det er avgjerande for å få til godt samarbeid, som i neste omgang medverkar til auka verdiar i lokalsamfunna SKL opererer i.

Andel kvinnelege medarbeidarar



LEVEREGLAR – ETISKE RETNINGSLINJER

I 2023 reviderte me levereglane våre. Desse reflekterer no i sterkare grad våre verdar og ansvarsforhold, i tillegg til reglar for forretningspraksis og handtering av regelbrot. Levereglane er med på å rettleia oss i arbeidet vårt med å sikra rein energi til alle. Og det er vår grunnleggande plikt å opptre på ein berekraftig, etisk og sosialt ansvarleg måte, som er i samsvar med gjeldande lovverk.

Våre levereglar gjeld for dei som jobbar i SKL og alle våre leverandørar.

For å leggja til rette for rapportering av kritikkverdige forhold og bekymringsfulle hendingar har SKL ein eigen varslingskanal.





TRYGGLEIK FOR OMGIVNADANE

Tryggleiken til dei som ferdast ved kraftverka og vassdragsanlegga våre tar me alvorleg, og vår klare målsetting er ingen skadar eller ulukker på tredjepart som følge av SKL sine aktivitetar. Det har ikkje vore skadar eller uhell på tredjeperson i 2024.

Gjennom regulering av magasin, skal ein søka å redusera flaum i vassdraga. I månadsskiftet oktober/november ramma ekstremvêret Jakob området vårt. Aktiv regulering av magasina vår bidrog til å redusera faren for flaumskadar. Utover dette har det ikkje vore store flaumar i vassdraga våre i 2024.

Vassdraga SKL forvaltar blir brukt til friluftsliv, rekreasjon og sportsleg aktivitet, samtidig som dei òg er ein del av produksjonsanlegga våre. Vassdragsanlegg kan skapa farar

som er annleis enn dei publikum normalt kjem ut for når dei nyttar naturen.

SKL har stor merksemd på sikringstiltak i og kring vassdragsanlegga. Det blir jamleg gjennomført analysar av ferdsel og bruksmønster ved vassdragsanlegga, med tanke på tryggleiken for ålmenta. Dei mest vanlege sikringstiltaka er faste gjerde og rekkverk, bommar og lenser, samt fare- og informasjonsskilt. I tillegg blir det annonsert i lokalavisene to gongar i året, i samband med høg utferdsel i vinter- og påskeferie, om at isen er utrygg på regulerte vatn. Same informasjon blir òg lagt ut på heimesida til SKL og i sosiale medium.

SKL eig og driftar mange elektriske anlegg knytt til kraftverka. Også for desse anlegga er merking, inngjerding

og andre sikringstiltak for ålmenta viktig. Aktiv regulering av magasina medverkar til flaumdemping i alle regulerte vassdrag.

SKL er byggherre med stor aktivitet innan bygging av nye kraftverk, samt ein del rehabilitering av gamle kraftverk og dammar. I alle prosjekt blir det gjort ein stor innsats for å ivareta tryggleik for ålmenta gjennom skilting og avsperringar. Ein har i tillegg rutinar som gjer at arbeidet blir halde innanfor godkjent arealbruksplan.

Det blir gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar for alle prosjekt, som også inkluderer risikovurdering for omgivnadane.



7. VERDISKAPING – ØKONOMISK SAMFUNNSBIDRAG

SKL skapar verdier i lokalsamfunna me opererer i. Eigarar mottar utbyte, tilsette mottar løn, og kommunar og styresmakter mottar inntekter - gjennom skattar og avgifter. Me nyttar lokale tenesteleverandørar der det er praktisk mogleg. Kort veg mellom leverandør og anlegg sparer miljø og støttar lokal infrastruktur og arbeidsplassar.

SKL medverkar indirekte til lokal verdiskaping i kommunane der krafta blir produsert. Selskapet driftar og opererer, bygger ut og held ved like eksisterande og nye anlegg. Dette skapar meirverdi gjennom kjøp av varer og tenester frå lokale leverandørar og samarbeidspartnarar.



Fotballspelarar frå Kvinneradsklubben I.L. TRIO.




VERDIOVERFØRING TIL KOMMUNAR

- SKATTAR OG AVGIFTER

Naturressursskatt, eigedomsskatt, produksjonsavgift og konsesjonsavgift til vertskommunane frå SKL var i 2024 på om lag 163,5 millionar kroner.



Kvinnherad	94 900 000
Etne	25 600 000
Eidfjord	18 800 000
Suldal	9 900 000
Bjørnafjorden	5 500 000
Fitjar	3 950 000
Ulvik	790 000
Stord	700 000
Hjelmeland	680 000
Ullensvang	680 000
Bykle	610 000
Sauda	590 000
Tysvær	270 000
Andre	300 000
Vindafjord	230 000
Sum	163 500 000



7.2

SKATTAR OG AVGIFTER TIL STATEN

Totalt bidrog SKL med om lag 1 120,2 millionar kroner i skattar og avgifter til staten i 2024. Grunnlaget for staten sine inntekter er selskapsskatt, grunnrenteskatt og konsesjonsavgift, basert på inntekt og produksjon i 2023.

7.3

UTBYTE TIL EIGARAR

Utbyte til eigarane var 400 millionar kroner i 2024.
Eigarar: Haugaland Kraft AS, Eviny AS og Stord kommune.

7.4

KOMPENSASJON OG VEDERLAG TIL PRIVATE

SKL utbetalte fallelige på totalt 25,4 millionar kroner.

SKL støtta idretts-, kultur-, realfags- og natur- og miljøtiltak med fleire millionar i 2024. Eitt av tiltaka som fekk støtte frå SKL var gratis sommarleir med Vannes naturcamp i Etne kommune.




INVESTERINGAR

Samla investeringar for konsernet SKL var i 2024 på 272 mill. kr. *

Investeringa er fordelt på fleire kommunar.

Hovudpostane er:

	Etne	140 000 000
	Kvinnherad	81 800 000
	Stord	22 400 000
	Suldal m.fl.	14 900 000
	Tysvær	6 400 000
	Vindafjord	2 800 000
	Eidfjord	1 600 000
	Ullensvang	1 200 000
	Bjørnafjorden	900 000
	Totalt	272 000 000



* Kjøpet av Midtfjellet Vindkraft er ikkje medrekna, sidan investeringa var i eksisterande fornybarproduksjon.



SKL 

Design: Zpirit - Fotografer: Magne Langåker, Peter Tubaas, Elisabeth Tønnesen.